

MØTEREFERAT

Tema:	Ny kommune Ytre Søre Sunnmøre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid)
Dato/Sted	Thon Hotell, Fosnavåg, 4.mars 2016, kl 09:00 til 13:00
Oppmøte:	Dag Vaagen, ordfører, Sande kommune Helge Støylen, varaordfører, Sande kommune Camilla Auflem Vik, formannskapsmedlem, Sande kommune Asle Giske, rådmann, Sande kommune Lena Landsverk, ordfører, Vanylven kommune Bjarne Sætrene, varaordfører, Vanylven kommune Ottar Jan Løvoll, formannskapsmedlem, Vanylven kommune Andreas Nørve, rådmann, Vanylven kommune Arnulf Goksøyr, ordfører, Herøy kommune Tine Storøy, formannskapsmedlem, Herøy kommune Svein Gjelseth, formannskapsmedlem, Herøy kommune Olaus-Jon Kopperstad, rådmann, Herøy kommune Ole Magne Rotevatn, kommunekontakt, Herøy kommune Anders Riise, ordfører Hareid kommune Kristian Fuglseth, varaordfører, Hareid kommune Annika Brandal, formannskapsmedlem, Hareid kommune Ranja Dimmen Alme, formannskapsmedlem, Hareid kommune Kai-Rune Bjørke, kommunekontakt, Hareid kommune Knut Erik Engh, ordfører Ulstein kommune Steinar Torvik, varaordfører, Ulstein kommune Renathe Rossi-Kaldhol, formannskapsmedlem, Ulstein kommune Einar Vik Aarset, rådmann, Ulstein kommune Ingvild Liadal, Sunnmøre Regionråd
Møteleiar:	Per Ivar Lied, Sunnmøre Regionråd

Møtet følgte oppsett dagsprogram:

09:00	Innleiing. Rigging for forhandlingsmøta
09:15	Gjennomgang utkast Intensjonsavtale
09:30-10:15	Gruppemøter forhandlingsutvala i kvar kommune
10:15-10:30	Pause
10:30-11:30	Gruppearbeid
11.30-12:00	Presentasjon i plenum Drøftingar
12:00-12:30	Informasjonsstrategi Presentasjon. Kommenterarar
12:30-12:45	Neste møte. Framdrift
12:45	Lunsj

Ramme for forhandlingsmøta

Det var enighet om følgjande rammer for forhandlingsmøta:

- Heile forhandlingsutvalet til stades
- Delegasjonsleiar peikar ut ein bisitjar. Kan rullere
- Delegasjonsleiar fører ordet. Gruppemøte etter behov
- Tema er intensjonsavtale, fokus på tekst, vere konkret, løysingsorientert
- Poengterte innlegg
- Kapittel for kapittel
- Per Ivar Lied, Sunnmøre Regionråd, valt som forhandlingsleiar

Gruppearbeida gjekk gjennom utkast til dei ulike kapitla og gav innspel til endringar som kan innarbeidast til neste møte 7. mars. Hovudpunkt var tilslutning til Myrvågane som administrasjonssenter, vurdere å slå saman kap2 (Visjon/mål) og kap 3 (samfunnsutvikling), generelt kortare og tydelegare tekst. Revidert tekst blir sendt styringsgruppa for evt kommentarar i helga/mandag formiddag. Revidert utkast blir sendt medlemmane i forhandlingsutvala i løpet av mandag.

Rammer for eit **informasjonsopplegg** vart drøfta. Det blir sett ned ei informasjonsgruppa med eit medlem frå kvar kommune. Gruppa kjem med forslag til informasjonsopplegg og etter kvart utkast til informasjonspunkt om intensjonsavtale Runde kommune. Tanken er eit standardisert opplegg for dette alternativet, der kvar kommune kan legge til informasjon om evt andre alternativ.

Medlemmar i informasjonsgruppa: Ole Magne Rotevatn (Herøy), Kai-Rune Bjørke (Hareid), Ane Malene Nygård (Vanylven), Svein Arne Orvik (Ulstein), Oddbjørn Indregård (Sande).

Neste fellesmøte i forhandlingsutvala vart avtalt måndag 7. mars kl 17-20, Larsnes. Gruppemøter først. Deretter heildagsmøte 11. mars (Fosnavåg). Tentativt møte 30. mars (Ulsteinvik).

Møtet slutt 12.45.